
Saksnr: 2020/61616-1**Saksbehandlar:** Tor Harald Rødseth

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		23.09.2020
Fylkesutvalet		29.10.2020

Endring av yrkestransportlova - forslag til delegering av mynde

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet delegerer til fylkesrådmannen å gjere vedtak ved søknader om ruteløyve som ikkje skal behovsprøvast. Dette etter reglane i Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy § 6 (2) jf § 6 (1) og Forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy § 35a jf Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy § 6 (1).

Samandrag

Søknader om ruteløyve for bussruter med trasé lengre enn 80 km, samt «flybussruter» skal, etter endring av yrkestransportlova, ikkje lengre behovsprøvast. Det er, etter fylkesrådmannen si vurdering, etter dette ikkje lenger rom for politiske vurderingar i slike saker. Fylkesrådmannen rår difor til at handsaming av slike søknader vert delegert til fylkesrådmannen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmannHåkon Rasmussen
fylkesdirektør*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det har funne stad ei mindre endring av fylkesutvalet si mynde innafor persontransport i rute. Dette som følgje av at det den 01.01.20 trådte i kraft endringar i *Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy*¹ («LOY») og *Forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy* («FOY»), som vist under. Fylkesrådmannen finn at det bør takast opp prinsipielt korleis fylkesutvalet vil tilpasse seg denne endringa.

I LOY § 6 (1), som har overskrifta *Behovsprøvd løyve for persontransport med motorvogn i rute*, heiter det følgjande:

Den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med [...] motorvogn [...] må ha særskild løyve for rutetransport. [...]

Løyver som nemnd kallast til dagleg 'ruteløyve', jf m.a FOY *Forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy* («FOY») § 1 b).

I *Norsk Lovkommentar*² («KOM») note 14 til LOY § 6 heiter det følgjande:

Rutetransport med motorvogn krever særskilt behovsprøvd ruteløyve for angitt strekning eller område. [...] Behovsprøving innebærer at vedkommende løyvemyndighet [...] må foreta en vurdering av antatte virkninger av et nytt rutetilbud i forhold til eksisterende rutetilbud, herunder andre rutetilbud som ikke reguleres av yrkestransportloven (tog/fly). Det må foretas en avveining med sikte på å oppnå en samfunnsøkonomisk rasjonell transport.

[...]

I Vestland fylkeskommune sitt *Reglement for folkevalde organ og delegering* («delegasjonsreglementet») heiter det i pkt 30 m.a følgjande:

[...]

[LOY] § 13 jfr § 6.

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å tildele behovsprøvd løyve/ruteløyve for persontransport med motorvogn

[...]

Den 01.01.20 trådte ny § 6 (2) i LOY i kraft. Denne lyder slik:

Løyve til persontransport i rute over ei viss lengd skal ikkje behovsprøvast. Departementet fastset i forskrift den nedre grensa for persontransport i rute som ikkje skal behovsprøvast. Den nedre grensa kan ikkje setjast lågare enn 80 km. Departementet kan fastsetje i forskrift at særlege former for persontransport i rute ikkje skal behovsprøvast utan omsyn til lengda på ruta.

Same dato trådte følgjande nye § 35a i FOY i kraft. Denne har følgjande ordlyd:

Følgende løyver skal ikkje behovsprøves:

- 1) Løyve til å drive persontransport mot vederlag med motorvogn i rute lengre enn 80 kilometer en veg.

¹ Kjelda for alle sitata i saka frå lovar og forskrifter, er den offisielle internetstaden for Norges lover, <https://lovdata.no>.

² Norsk Lovkommentar er eit kommentarverk til Norges lover, som inneheld relevante rettsavgjersler, og som vert utgjeve på internetstaden www.rechtsdata.no av *Gyldendal Rettsdata*. Kommentaranne, som er til dei einskilde føresegnene i Norges lover, vert rekna som heilt sentrale i samband med tolking av lovtekstane.

- 2) Løyve til å drive persontransport mot vederlag med motorvogn i rute av passasjerer med på- eller avstiging ved flyplasser, uten hensyn til rutens lengde.

[...]

Saka som fylkesutvalet - etter planen i same møtet som denne saka vert lagt fram - skal/har handsama om ruteløyve for bussrute Bergen – Trondheim er døme på ein søknad som gjeld ruteløyve som ikkje lengre skal behovsprøvast, fordi traseen er lengre enn 80 km. Dei andre ruteløyvesøknadene som ein legg til grunn vert handsama i dette møtet - som gjeld båtruter i Sør fjorden og bussruter i Bergen sentrum - skal framleis behovsprøvast. Det same gjeld administrativ utferding av ruteløyve når Skyss og Kringom inngår avtaler om rutetransport.

Dette inneber at fylkesutvalet ikkje kan avslå søknader om ruteløyva som nemnd i FOY § 35a, med mindre utvalet skulle finne at ein søker ikkje oppfyller objektive krav i LOY og FOY til vandel, økonomi, faglege kvalifikasjonar og dokumentasjon. Fylkesrådmannen legg aldri fram søknader om ruteløyve frå nokon som ikkje oppfyller desse lovpålagte krav for å få ruteløyve.

Tildeling av ruteløyve for bussruter med lengre trasé enn 80 kilometer, og tildeling av ruteløyve for bussruter til/frå flyplassar er etter dette ei rein administrativ oppgåve. For sakshandsaming av andre ruteløyve er det inga endring.

Vedtak om tildeling av ruteløyve er einskildvedtak som kan påklagast til den fylkeskommunale klagenemnda, jf forvaltningslova §§ 2 b) og 28 1. og 2. ledd.

Vedtakskompetanse

I delegasjonsreglementet heiter det i siste ledd på s 3 følgjande:

Delegert mynde kan delegerast vidare dersom ikkje anna er sagt.

Dette inneber at fylkesutvalet kan vedta å videredelegere myndene som er delegert til utvalet.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen verknad.

Klima: Ingen verknad.

Folkehelse: Ingen verknad.

Regional planstrategi: Ingen verknad.

I dei fylka som administrasjonen har vore i kontakt med i høve ruteløyvesaka om strekinga Bergen – Trondheim, er det no etablert praksis at administrasjonen gjer vedtak i saker som gjeld ruteløyve som ikkje skal behovsprøvast

I følgje delegasjonsreglementet s. 3 kan den som har delegert mynde ta att mynde, og den som har fått delegert mynde kan i særlege høve la overordna organ ta avgjerd i ei konkret sak. Delegert mynde skal i tillegg nyttast etter konkrete retningslinjer.

Konklusjon

Ettersom tildeling av vurdering av søknader om ruteløyve som ikkje skal behovsprøvast etter lovendringa er ei administrativ oppgåve, rår fylkesrådmannen til at fylkesutvalet delegerer til fylkesrådmannen å gjere vedtak om tildeling av ruteløyve som ikkje skal behovsprøvast. Fylkesrådmannen rår ikkje til endring av mynde i saker som gjeld andre ruteløyve.